

**Vår ref**  
24/7123**Dato**  
21.03.2024

## Referat frå hjorteutvalsmøte 5. mars 2024

### Til stades:

Blåfjellet	Jan Arve Søvde
Breim Nord	Arne Frode Øvreseth
Gloppen Nordside	Rune Vereide
Jurahesten	Magne Osmundnes
Austre Hyen	Kåre Teigland
Vestre Hyen	Jan Harald Pedersen

**\* Presentasjonen frå møte er vedlagt. Der ligg all statistikk, samt kart over sett hjort registreringane for sett hjort per jegerdag og sett kolle per bukk.**

### 1. Gjennomgang av jakta

Vi tok ei runde rundt bordet der valda la fram sine inntrykk og tankar om jakta som var. Fleire vald hadde fellingsrekord, mens andre hadde ein meir normalsituasjon eller litt minke i forhold til tidlegare.

På kommunenivå er det felt 795 hjort som er det høgste fellingstalet i kommunen. Av desse er 31,4 % kalv, 33,2 % ungdyr og 35,4 % eldre dyr. Fordeling på kjønn er 49,1 % hanndyr og 50,9 % hodyr.

Sett og felt hjort per jegerdag har auka og sistnemnde har aldri vore høgare. Valda er flinke til å registrere felte dyr i hjorteviltregisteret og 91 % av dei felte dyra var registrert som felt hjort.

Sett kolle per bukk ligg på 1,05 (1,3 i utmark). Sett kalv per kolle er 0,61 og sett beinhonnel per bukk er på 0,32. Jakttrykket på dei forskjellige kategoriane er no veldig jamt på kolle og bukk og høgare på kalv.

Kartet over sett hjort per jegerdag syner at det er høgare tettleik i hjortestamma i den austre delen av kommunen, noko som syner igjen i avskytinga i fleire av desse valda.

### 2. Bestandsplanar

Dei fleste valda skal skrive nye forvaltningsplanar i år. Vi gjekk gjennom krav i forskrifta, samt punkta i den overordna forvaltningsplanen for kommunen som seier noko om kva som skal vere med i planen. Ei oversikt over dette vart sendt til valdleiarane i etterkant av møte.

### 3. Nytt beiteprosjekt

Gloppen og Stad kommune er med i eit prosjekt som skal utarbeide metodikk for å dokumentere beitepress på innmark, på ein enkel måte. Norsk Hjortesenter står som prosjektleiar og fleire kommunar i Nordfjord og Sunnfjord er med. Det har vore gjennomført ei rekke informasjonsmøte og vi har no ei deltakarliste som skal ha beitebur på innmarka frå påske og fram til

1. slått. Målet med prosjektet er å finne ein enkel metode som kan nyttast av grunneigar sjølv for å dokumentere grad av hjorteskade.

#### **4. Vårteljing**

Det har kome tilbakemeldingar om vårteljinga i høyringsperioden for den overordna forvaltningsplanen. Metodane var diskutert og hjorteutvalet meinte at det er positive og negative sider ved bruk av termisk. Den viktigaste negative sida ved bruken av det er at talmaterialet ikkje blir samanliknbart frå tidelgare. Fleire meinte at det mange stader ikkje har stor verknad på tal dyr, sidan det berre er dyr på innmark som skal teljast med. Den positive effekten er at ein får færre ukjente registreringar og betre informasjon om kjønns- og alderskategoriane.

Hjorteutvalet var samd i at termisk kan vere eit godt hjelpemiddel, men det må informerast om bruken. Det er no lagt inn eit eiga punkt på teljeskjema.

Vårteljinga er ikkje perfekt verken på metode eller tidspunkt frå år til år, men det er likevel eit nyttig hjelpemiddel. Feilkilder må vere kjent.

Det var ønske om at kommunen skal sende ut dei rå data frå vårteljingane. Det kan gjerast, men materialet må ryddast litt fyst.

#### **5. Rekneskap viltfond**

Rask gjennomgang av rekneskapen til viltfondet det siste året.

#### **6. Anna**

- Faktura for fellingsavgift blir forseinka. Planen var at dette skulle vere klart før påske, men det får eg ikkje til.
- Oppfordring frå Arne Frode om å ta ut smårovvilt. Hugs at rev kan skytast frå post og bruk av mårfelle kan vere ein spennande fangstform. Både rev og mår har gode vilkår, mens ryper og skogsfugl har dårlegare vilkår, både på grunn av predatorar, men og større grad av forstyrring frå turgåarar og meir utbreidd hyttebruk.

Vennleg helsing

Lindis Bergland Østgård  
utmarksforvaltar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*